



Sak nr 33/2012

Møtedato: 20.6.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S561

S561, Nørre Gile – endring av søknad om søknad om å erstatte anneks

Bente Marie Myhre fekk i sak 20/11 løyve til å erstatte uthus/anneks på stølen. I brev datert 14.6.12 søker Myhre om å få føre opp eit vindfang i tillegg. Teikning viser eit tilbygg som måler 1,5 x 4 meter; 6 m². Breidde på huset er 7,5/4,5 m og lengde er 8 m.

Støl som er i bruk skal behandlast etter §10 i stølsforskrifta: *Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.*

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Statskog skriv i e-post den 14.6.12 at det ikkje er vesentlege merknader til søknaden.

Søknaden er sendt Oppland fylkeskommune, kulturarvenheten til uttale. Myhre søkte så seint at ein ikkje har motteke uttale.

Støls hus har tradisjon for å vera lange og smale. Det omsøkte huset er på eine enden nesten like breitt som det er langt og passar dårleg inn i lokal byggetradisjon. Utsjånad er eitt element som fjellstyret skal vurdere, jf. §10 i stølsforskrift.

Vedtak:

Fjellstyret finn at vedlagt teikningar ikkje samsvar godt nok med lokalbyggeskikk og avslår søknaden om tilbygg.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.6.12

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Bente Marie Myhre
Statskog
Oppland fylkeskommune, Kulturarvenheten
Vestre Slidre kommune